

MELDING
om
FISKERIBIOLOGISKE GRANSKINGAR
i
ROGALAND
19 69

Navnet på vatnet Tintåsvatnet
Kommune Strand

Feltarbeidet, vidare arbeid med materialet og skriving av meldinga er utført av Rogaland Skogselskap ved E. Berg, etter retningsliner og i nært samarbeid med Konsulenten for ferskvannsfiske i Vest-Norge, herr Øivind Vasshaug.

T I N T U S V A T N E T .

Vatnet ligg i Strand kommune, vest for Kjeatofjellet eller nord-aust for Lomafjellet, og snaut 2 km. aust/nord-aust for garden Seljeskog. h.o.h. er 462 m.

Største lengde er ca 750 m og største bredde ca. 450 m med eit areal på omlag 18 ha.

Djupna på vatnet er ikkje målt, men ein må anta at ein har med eit ganske djupt vatn å gjera, særleg i den nord-austre luten der Kjeatofjellet stuper bratt ned i vatnet.

Stranda består for ein stor del av stein, men med ei lita fin sandstrand i nord. Botntilhøva i strandsona er stor stein som går over til jærme-botn mot djupet.

Grunnfjellet støyter fleire stader like til vatnet.

Vegetasjon og nedslagsfelt.

Botngras, brasmegras, moser og alger utgjer vegetasjonen i vatnet frå stranda og ut mot djupet.

I nedslagsfeltet veks det spredt småbjerk og furu, med røslong blåbærlyng, pers og krekling, einer m.v. som undervegetasjon.

Bergartene er harde og forvitrar seint. Gneis og granitt er hovudbergartene. Nedslagsfeltet, som ikkje er særleg stort, femner elles om myr og snaufjell.

Noko hovudtilsig kan ein ikkje snakka om her, då tilsiga kjem frå nokre småbekker omkring vatnet.

Avlaupet renn ut i sør-vest og går om Tømmervatnet ned i Jørpelandsåna og vidare til sjøen ved Jørpeland.

Gjennomstrøyminga må seiast å vera liten.

Dei kjemiske tilhøva.

Siktedjupet er heile 13.0 m og vassfargen gulig-grønn som indikerar eit eutrof eller næringerikt vatn. Då siktedjupet er så stort må ein likevel rekne med at vatnet er næringsfattig.

Surheita pH er 5.6 som er godt brukbart for aure.

Innhaldet av kalk (CaCO_3) er 1.0 mg/l og den totale hardheita 5.5 mg/l. Vatnet må etter dette karakteriserast som kalkfattig.

Leiingsømna $K_{18} = 25.4 \times 10^{-6} \text{ ohm}^{-1} \text{ cm}^{-1}$.

Der er ikkje forurensingar i vatnet.

Faunaen i vatnet.

Det vart teke botnprøver på 2.0 m 7.0 m djup og ein kom fram til fylgjande resultat.

På 2.0m vart funne 25 stk fjærmygglarver og 1 stk. fåbørstemark -tilsvarande 260 individ pr. m².

7.0 meteren gav som resultat 1 stk. fjærmygglarve eller 10 individer pr. m². Samla resultat syner etter dette lite med botndyr.

For å få greie på kva fisken egentlig ernærer seg av på det tidspunkt då analysen vart foreteken, tok ein mageprøver av 5 fiskar og her vart funne planktoniske krepsdyr, fjæremyggpupper og larver, div. overflateinnsjekter og aureyngel.

Planktoniske krepsdyr var i dominans.


Planktonprøver.

Ein tok både horisontale og vertikale planktontrekk, med planktonhov, og resultatet:Ca. 50.0 m hor.trekk, fattig prøve med *Holopedium gibberum* (indikerar liten leiingsemne) og hoppokreps. 10.0 m vert.trekk, mykje fattig trekk av dei same artene.

Fisk.

Auren er einerådande i vatnet.

Det vart sett ut 7 garn av ymse maskestorleik og resultatet etter 1 fangstnett vart 28 aurar som deler seg såleis på omfara.




Ein tok prøver av alle dei fanga fiskane og av desse var 7 stk. røde; 16 stk. lys-røde og 5 stk. kvite i fiskekjøttet.

Der var 21 hanfisk og 7 hofiskkar. Ei noko skeiv kjønnsfordeling utan at ein treng leggja stor vekt på dette.

7 stk. av fiskane var svakt angripne av bendelorm (fiskeandmark?).

Medel fyllingsgrad 2.3. Ein av fiskane var tom i magesekken. Medelvekta av prøvefiskane var 149 gram og medellengden 24.0 cm.

Fordeler ein fangsten på cm-klassar kjem ein til fylgjande framsyning:



Ser vi på medellengda og den årlege lengdetilveksten vil denne gå fram av oppstillinga nedanfor.


| | Alder ved vinter | | | | | | |
|---------------------------|------------------|------|------|------|------|------|------|
| | 1år | 2år | 3år | 4år | 5år | 6år | 7år |
| Medel lengde i cm | 4.5 | 10.8 | 16.0 | 20.2 | 24.3 | 25.9 | 28.3 |
| Årleg lengdetilvekst i cm | 4.5 | 6.3 | 5.2 | 4.2 | 4.1 | 1.6 | 2.4 |
| Antall fiskar | 27 | 27 | 27 | 26 | 14 | 2 | 1 |

Medel kondisjonsfaktor 1.02 tilsvarar fisk av god kvalitet.

Set vi opp ein vekstkurve for fisken i Tintusvatnet og samanliknar med normalkurven for Vestlandet (5 cm pr. år) vil denne sjå ut som vist på neste side.

Som vi ser har fisken i Tintusvatnet eit normalt vekstforlaup like til 5 års alder og det må seiast å vera bra. Av fiskeskjemaet går det fram, at mykje av fisken først tek til å gyte ved denne alder, så grunnen til at veksten stagnerar noko her kan ha samband med kjønnsmodning og gyting. Maksimallengda på fisken

vil idag liggja på omlag 30 cm og med kondisjonsfaktor 1,02 svarar dette til fisk på omlag 275 gram som må seiast å vera brukbar storleik.



Konklusjon.

Ut frå dei foretekne prøvene må vatnet karakteriserast som næringsfattig. Det er nedslagsfeltet som i stor mon er avgjerande for næringsstilheva i eit vatn, og Tintusvatnet som har dei sparsame tilsiga sine der dei harde (sure) bergartene dominerar og den mindre kravfulle vegetasjon veks, vil fylgjeløge føre lite med mineral-og næringsstoff med seg.

Siktedjupet er særst stort og det er som regel og eit godt teikn på at vatnet inneheld lite næringsstoff.

Fisken syner likevel forbausande god vekst og fin kondisjon.

Dette trur eg kjem av, at det fiskebestandet som vatnet inneheld står i eit rimelig høve til næringsforrådet. Ein kan såleis godt få fram feit og fin fisk i eit næringsfattig vatn, når det berre er samsvar mellom desse faktorane, og det er sikkert dette som er tilfelle her. Noko stor produksjon (avkastning) vil ikkje dette vatnet kunne gi.

Fåren med slike vatn er at dei lett kan bli overbefolka om ikkje den årlege tilveksten blir tatt ut, og dette vil då innan kort tid gi seg utslag i vekststagnasjon og kvalitetsforringing.

Gytetilheva er særst dårlege, så hovudårsaka til at fiskebestandet er av såpass god kvalitet, ligg nok her. Nye årganger med yngel og småfisk inn i vatnet frå gode gytebekker vil ikkje vatnet kunne tåle.

Etter det vi fann ut kan det kanskje vera i avlaupet at fisken gyt, men det mest sansynlege er at fisken gyt i vatnet og då særleg ved den sandstranda på nordsida.

Praktiske tiltak.

Vi kan slå fast, at vatnet idag syner å vera veldrive. Kor hardt fiske det ned gjennom åra har vorte foretek her, har eg ingen kjennskap til, men eg vil tilrå at fisket i åra framover blir drive omlag som før.

Skulle gytetilheva av ein eller annan grunn bli dårlegare enn dei er idag, er der muligheter til å betre på dette ved å rydde noko opp i avlaupet og deretter fylle holer og kulpar med grus og sand.

Eg vil tilrå at dei som steller med vatnet tek eit prøvefiske ein gong i året og måler lengden og vekta på dei fanga fiskane. Kondisjonsfaktoren må reknast ut etter den formelen som står i innleiinga, og ein vil då kunne sjå om tilheva har endra seg. Blir kvaliteten dårlegare må fisket intensiverast.

Til slutt vil eg nemna at Tintusvatnet er eit idyllisk fiskevatn som eignar seg godt såvel til stangfiske som garnfiske.

Stavanger 9/2 1970

Einar Berg